

Durito om tog og fotgjengarar.

Durito (som ein gong i tida var jernbanearbeidar) seier maktas politikk under nyliberalismen er som eit tog. Han seier dei som trur dei er flinkast til å styra kranclar høglydt i dei fremste vognene på toget til den nyliberale politikken. Dei gløymer at det er lokomotivet som dreg vognene og ikkje omvendt. Politikarane legg ikkje merkje til at lokomotivet også vert styrt av ein annan, den som talar pengane sitt språk, og at i den komande avsporinga er dei fremste vognene, luksusvognene, dei fyrste utfor skrenten.

Heilt vanlege folk reiser til fots, seier Durito. Å gå er gratis, meir moro, og ein kan sjølv avgjera kvar ein skal gå og i kva tempo. Han seier brorparten av fotfolket er likeglade når det er tale om den maskina som gjev seg sjølv retten til å avgjera reiseretninga, og at dei gløymer at det er umogleg å styra toget utanom dei skinnene som dei politiske spelereglane bestemmer. Durito seier vanlege folk ikkje berre ynskjer å sleppa å styra toget, og at dei, i nokre tilfelle til og med tør å tvila på togreisas mål. Eit mål som vert valgt i deira namn, av folkets «representantar».

Durito seier at det, mellom fotfolket også fins opprørarar. Desse stiller ikkje kun spørsmål om reisas mål og den latterlege skjønsmessige tildelinga av billetter. Dei stiller til og med spørsmål ved sjølvve togets eksistens og spør seg om toga verkeleg er nyttige. For, det er riktig at toget gjer at ein reiser fortare og meir behageleg, men det tek ein dit ein ikkje vil.

Durito seier me zapatistane er mellom desse opprørske fotgjengarane, og at me vert gjort til latter og kritisert fordi me ikkje kjøper billetter, av dei som reiser i full fart... mot katastrofen. Durito seier me zapatistane er svært uvanlege fotgjengarar. Fordi, istaden for å sjå likegyldig på togets overmott, går zapatisten nærare sporet, og set fram ein fot. Han tenkjer sikkert, naivt, at det vil få den kraftfulle maskina til å snubla og spora hjelpelaust av. I vognene tek politikarane seg ein pause i den ville og idiotiske kampen om ei makt som ikkje er der, og stiller seg opp framføre vindauga for å gjera narr av zapatisten som, med sin brune fot, prøver å stoppa maktas tog. I morgontimane den 1. januar 1994 (det regna, var kaldt og byen låg innhylla i ei tjukk skodde) satte ein indiansk zapatist fram foten for å velte det allmektige toget til PRI. 6 år etter ligg PRI knust på botnen av kløfta. Dei som i går gjorde narr av indianaren, sloss no om restane. Inianaren ofrar

foten med varsemnd, for i horisonten skimtar han eit anna tog, eit anna og eit anna... Om det er noko zapatistane har så det held av, så er det bein, fordi dei veks seg kraftige av all gåinga i den lange smertenatta mot håpet. Durito seier zapatistane vil halda fram å gå i natta inntil alle fotfolka kan avgjera, ikkje berre togets eksistens og retning, men også, framfor alt, når det, i fotgjengarane si ferd gjennom historia, står mange stolar under eit epletre som ber frukt... til alle.

«For, det er det alt handlar om , pratet om stolar, epletre og tog», seier Durito der han står, godt nøgd, og ser at frøet han sådde for ei tid sidan bryt gjennom jordskorpa, som, medskuldig og solidarisk, hadde gøymt frøet.

Subcomandante Insurgente Marcos

Januar 2003

Oppreist, på veg inn i det tiande året av krigen mot gløymsla.